

**Ein båt bygt i Uskedalen er sentral i reality-serien Flyttefeber på NRK 1, opplyser båtentusiasten og uskedelingen Harald Sætre til uskedalen.no**

I denne serien er det to karar som har kjøpt seg ein båt og denne husbåten har ein fortid som fiskebåt. Han vart, etter det Sætre har funne ut, bygt hos Eidsvik Skipsbyggeri som MS Relin.

Båten var byggenummer 10 ved verftet og han fekk vatn under kjølen i 1957. Opphavelag var han på 80 fot og hadde ein Brunvol-motor på 220 HK.

Han vart bygt for Rolf og Steinar Kvalsund og var registrert i Ålesund.

Opp gjennom åra har han hatt fleire eigarar og har også vore ombygd fleire gonger.

Av Ola Matti Mathisen